

# Hå-åná i litteraturen

TOR OBRESTAD

*Kva litteratur er kan dei lærde stridast om, og gjer det også. Det er ikkje tvil om at mykje av det som er nedfelt i historiske dokument som tingbøker og lovbøker kan vera like spennande å lesa som det bokskrivarane har sett saman. Eit døme på dette kan me finna i Torgeir Edland si Ættesoga for Nærbø. Her skriv han i detalj om ei sak frå 8. august 1732 ved Haugland Skipreide-ting. Her er det oppsitjarane langs Hå-åná på gardane Njarheim, Nærland, Rimestad, Nedre Haugland, Øvre Haugland, Hognestad, Litle Oma, Store Oma, Mauland, Fosse, Grøtheim, Torland, Bjorland, Næsheim, Vigre og Obrestad som stemmer Ludvig Schultz og Tore Søyland for retten. Desse to hadde bygt stemgardar i åná som hindra laksegangen innover i landet. "Hrr Schultz var ein vitløftig herre som ikkje tålde noko atterhald i dei timelege ting", skriv Edland. Denne presten på Hå krov offer og tiende, bygselavgift og anna frå bygdefolket på ein måte som gjorde at dei knurra. Dessutan var han bergensar. I denne saka fekk han seg ein om kjeften.*

*Men eg skal ikkje fortapa meg i dei historiske dokumenta. Her held eg meg til den smale tolkinga av kva litteratur er for noko. Og eg har sett saman ein del tekstar av forfattarar frå nyare tid som i bøker eller i andre publikasjonar fortel om korleis dette vassdraget*

*og geografien kring det har inspirert dei til å fortelja og skriva. Somme av tekstane er i utdrag, og utelatne bitar er markerte med.*

*Det er forunderleg med rennande vatn. Det set eit eller anna inne i hovudet i rørsle. Det veit alle som har site ved ei å eller ein bekk: Det skjer noko med ein. Me vert plent nøydd til å uttrykkja eitkvart. Og eg ser det, at når me set saman desse tekstane som har eitt eller anna utgangspunkt i vassdraget som munnar ut ved Hå prestegard, får me eit friskt og rett bilete av både det gamle og det nye Jæren. Det er mange som har blitt mjuke i hovudet ved elva. Eg har valt å trekka fram det som kjende skribentar har skrive, men eg veit at elva og dei inntrykka den gir, har også kome fram i mange private skriftlege uttrykk ned gjennom tidene.*

*Av det store materialet om Jæren som ligg att etter Arne Garborg, har eg valt eit prosastykke frå Knudaheibrev 1904 som er utgangspunkt for eit sentralt motiv i bøkene hans; sviket mot faren og mot opphavet. Konkret galdt det striden om å-vatnet i Tverr-åná. Han gjer greie for dette mellom anna i "Knudaheibrev". 3. juni 1899 ruslar Garborg langs dei gamle tuftene på Garborg – og minnest.*

## Arne Garborg (1851-1924)

Eg gav meg i veg nord yvi fóren; den gamle heimvegen drog. Til Garborg bar det.

Eg kjende kvar tuve, eg kjende kvart strå, frå "Grøvene" til den vesle åi ("Fóren") heim-under åsbrøtet. Snart stod eg på den gamle hellebrui, der eg hev lagt etter meg so mangt eit stīg, og køyrt so mangt eit drjukt høy-lass. Vatnet i åi tirde og blenkte, klårt som fyrr; og ei aure-kjøe skvatt fram og minte meg um det rike småfisklivet her i gamle dagar. I det heile var det minningar kvar eg snudde meg. Nedan-um brui var den vesle h`ylen der eg mest bleiv ein gong; oven-um den er den vestra auno, og lenger aust Kollehagen og Aunahagen der eg i noko meir tilkomne år gjekk og rudde engi saman med "Veslemøy" og av henne vart førd inn i huldreheimen. Der var den staden og der er den; der hende det den gongen, og der det den gongen.

Ut på vodlabrødet finn eg ein stein og sèt meg. Av heile vodd`l var dette brøtet det einaste som ikkje vart oppdyrka; det var nok kristindomen som kom i vegen. Her vaks mest ikkje anna enn jonsok-blom. Men endå slo me vodlabrødet. Nedanfyri er Kverhusmyri. Eller Kvedn`ushajen. Der låg kvernhuset med sine tvo kvernar, og tūrkhuset. Eg var med der og tūrka og mól, til dess eg greidde desse arbeidi åleine. Mange rare draumar laga seg i smågut-hausen der nede, når susen og surren gjekk av kvednavatn og kvednar og tūsso og tūssehjulet; ein gong eg låg her og turka, laga eg eit langt dikt um Arabia. Dette Arabia var visst fedraland for meg då: eg kjende det frå bøkar. Sogo um Jacob og sønine hans var vel den fyrste romanen min. Dertil

hadde eg fengi tak på eit utval av sogune i Tusund og ei Natt; det låg eg og las her i tūrkhuset. Tusund og ei Natt i Kvernhusmyri! – No er det berre so vidt ein ser kvar kvednhuso hev stadi.

Utanfor Kvernhusmyri er marki hans Andriss; der er aukverni hans Tønes og Aasmund. No skulde kvernar og kvernhus vera fredelege ting, der i det høgste ein nykk eller ein fossekall kunde valde uro ender og då. Men i mi tid spøkte det sakførarar her utikring kvernammane. Me hadde sak på Garborg um eit halvt kvernavatn i seks år. Mest heile garden var med; Tønes, Aasmund og far på eine sida, Andriss åleine på den andre.

Det var møte etter møte. På tingi og heime; eit par av desse møti, med vitneførsle og sverjing, hugsar eg. Det galdt um ein kverndam. Eller rettare um den åstemmen som førde vatnet inn i dammen. Stemmen hadde stadi der han stod i minnelaus tid. Og hadde vori bøtt når det turvtest. No hadde det turvst på nytt; og so hadde dei bøtt han. Men han Andriss, som hadde sin stem og dam nedanfyri, han fann at grannane hadde bøtt stemmen for godt. So at no fekk han mindre kvednavatn enn han fyrr hadde havt. Men dette var i strid med 5-11-7 i lovi, meinte`n Andriss. Og so stemnde han grannane.

Desse meinte at dei berre hadde nytta gamall rett. Stemmen hadde vori um lag som no alltid, og heller høgare. Når han Andriss ikkje kunde mala so lengi som fyrr, so kom det av at han ikkje heldt sin eigin stem i stand skikkeleg.

Vitne hadde dei på baa sidur. Litande, ærlege folk.

Dei som han Andriss kom med vitna imot oss; og dei som me kom med vitna imot han Andriss. Det drog ut og drog ut. Saki vart utsett og utsett; sakførarar skifte. Leide sogur og drøsur gjekk; mistruir og mistankar kom upp; grannelivet på garden vart skjemt og skipla. Domen, som kom i 1859, gjekk ut på, at Tønes og Aasmund og far hadde bøtt stemmen vel godt, og at dei no skulde gjera eit hol i botnen på'n. Dertil skulde dei bøte 60 dalar til'n Andriss; denne skulde likevel hjelpe til med arbeidet på stemgluggen.

No er det ingin som mël på Garborg lenger. Og heile den store saki um det halve kvednavatnet er i Riksarkivet. (utdrag)

*Av dei mange dikta som Arne Garborg skreiv, vil eg bruka ein del av eit dikt i Haugtussa 1995 som både fortel om regnet som lagar ånå, og om det gode regnet, det som velsignar jorda med grøde og vokster.*

### Under jonsok

Sunnan-regn, sùmar-regn  
droplar lint frå lettslòrd himil  
svalar sælt den svidde lufti,  
doggar mjukt dei brende bakkar.  
Dr'ys og droplar godt og lengi;  
lækjer jordi, laugar våren;  
held so etter velgjort arbeid  
mildt og rolegt upp mot kvelden.  
Og det opnar seg og andar,  
blom og blad og alt som liver,  
stylk og strå og friske lyngtopp,  
pors og brisk og beiske triblad.

Andar ut si varme sæle  
i dei tusund, tusund angar,  
tusund friske, fine angar, -  
til som balsam lufti fløymer.  
Og ein klår-eim sveiper jordi,  
eim av livsens elsk og yljing,  
som det lette slør um brune  
runde kjælne brurebarmar.

Veslemøy med stille buskap  
driv imillom rundehaugar  
nord ikring den svarte tjørni,  
som gror att med myr og mose.  
Fårleg er den hengje-dinsa,  
klædd med bær-tåg og med myr-ull;  
ned-på svarte evje-botnen  
søv ein lyngorm lang og diger.  
Men i bakken fèet beiter,  
nippar av den unge lyngtopp;  
lombi dansar rundt ikringum,  
søkjer so si mor og pattar.  
Og som skire sùmarkvelden  
legg seg mjuk um alle markir,  
og den ljose varme kveld-røyk  
hildirar alt i dis og dimme, -  
då sin bunding burt ho gløymer,  
Veslemøy, der still ho vankar,  
(utdrag)

### Jon Line (1862-1947)

*Jon Line budde på slektsgarden på Line heile livet. Han var Garborgs venn. Saman las dei poesi, spela fele, drakk drammar, og sloss, fysisk, men vennskapeleg. I fleire minnesbilete gir Jon Line morosame og opplysende bilete av den store dikteren. Prosastykket er frå eit uprenta manuskript med minne som ligg på Time bibliotek.*

*Jon Line skreiv også noveller og dikt, som dette frå "Gonge-vegar" 1927.*

### Mi gamle aa.

So blank og skir ho renn mi å  
og sullar gamle lundar.  
Ho kysser steinen brun og grå  
og seg mot havet skundar.  
Men rett som er ein sving ho slær  
burtetter mjuke lendet  
og same tonen atter fær,  
når ho hev gjort det vendet.  
Meg minner sælt den tonen frå  
mi barnetid ved Haugland å.  
(utdrag)  
Og enno står det kvernhus grå  
der burti bakkehallet.  
Men morfars kvern eg sakna må  
attunder låge fallet.  
Det høyrdest i den jamne dur  
Som kjende røyster kalla ---  
Den tytta var kje tung og stur,  
ho sveiv so lett og tralla ---

Og alle kvernar dura på  
og song i lag med Haugland-å.  
(utdrag)  
Eg lyder tidt i kvelden kyr  
på å-i med' ho sjo'ar.  
Og tonen kjem no liksom fyrr  
og døyver gir og roar.  
Ho song for meg i barneår,  
det vil eg aldri gløyma;  
ho sjo'a vilt i unge vår  
og lærde meg å drøyma ---  
Og når eg trøytt til mor skal gå  
i svevn meg lullar Haugland-å!

*Vinteren og våren 1895 sat Arne Garborg på Torland og gjorde ferdig "Haugtussa". Jon Line stakk ofte innom. Ein dag bestemte dei seg for å vitja Pitter Skarabrotten, ein stor målmeister og songmeister. Jon Line fortel:*

Me gjekk gjegneveg. Då me kom til Hauglandsåi, låg der møyr våris på hylen. – "Eg ottast at isen ikkje er gåande," sa eg.

"Å, me lyt prøva," meinte han Aadne. Isen var verkeleg ring. – "Det er for langt å gå ned til brui. Me legg oss på magen og kryp yver," sa Aadne. Og det gjorde me. Eg for fyre. Gong på gong laut eg sjå etter meg um han var det. Jau, han kom ålande. Me for som makkar. Og yver kom me. I skymingi nådde me fram til Pitter. Og det vart rall og røda og gaman, so det var som alt livna og leika.

*Ein annan gong kom Garborg innom Jon Line med*



## MI GAMLE Å av JON LINE

So blank og skir ho renn mi å  
og sällar gamle lündar.  
Ho kysser steinen brün og grå  
og seg mot havet skündar.  
Men rett som er ein sving ho slær  
bürtetter mjúke lendet  
og same tonen atter fær,  
når ho hev gjort det vendet.  
~Meg minner sælt den tonen frá  
mi barnetid ved Haüglands-å.

So ofta eg i barneår  
ved å-i hügleg reika.  
Og ljose minne for meg står  
om glade born som leika.  
Me bygde dammar, rodde båt  
og staka fram i flaümen;  
reint vitläüst for me stüdom åt,  
men reddast aldri straümen.  
Og aüren drog me opp på skrå  
med snoret stramt or Haüglands-å.

Då eg vart vaksen kar og stor  
eg andre hügmål kjende.  
Eg bytte mamma om med mor  
og kom i ymse vende.  
~Eg lenge borte flaüog og fór,  
med mangt og mykje bala;  
men odelsgard og fedrajord  
til sist meg heimatt hjala.  
Ja, attåt drog meg då som nö  
min gamle elsk til Haüglands-å.

Eg lyder tidt i kvelden kyr  
på å-i med' ho sjo'ar.  
Og tonen kjem no liksom fyrr  
og døyver gir og roar.  
Ho song for meg i barneår,  
det vil eg aldri gløyma;  
ho sjo'a vilt i ünge vår  
og lærde meg å drøyma.....  
Og når eg trøytt til mor skal gå  
i svevn meg lüllar Haüglands-å!

Og enno står det kvernhüs grå  
der borti bakkehallet.  
Men morfars kvern eg sakna må  
attünder låge fallet.  
Det høyrdest i den jamne dü  
som kjende røyster kalla....  
Den tytta var 'kje tünng og stür,  
ho sveiv so lett og tralla ~  
Og alle kvernar düra på  
og song i lag med Haüglands-å.

Og vipa flyg med bråe sving  
so elskhüsglad om våren.  
Og lerka tirlar vida kring  
til åkren gül er skören.  
~Og set so füglekoret i  
med tonar kläre, linne  
ein herleg, storfelt symfoni  
som dürrar i mitt minne...  
Men Jadarhimlen ljös og blå  
legg fargebragd på Haüglands-å.

ein stor koffert med manuskript. Då han ville gå oppover til Knudaheio, ville Jon bera kofferten, han var yngre. Det fekk han ikkje, og dermed enda disputten med at dei barka saman i ryggtak: "Men han var strid å vinna bukt med, og mykje sterkare og ledugare enn eg hadde trutt. Me valsa kring so auren berre fauk på den turre postvegen". Striden endar uavgjort:

So reis me upp. Me var noko trøytte og tegjande, og fann tak i hattane. So fjelga me av einnan dust og sand. Me tok til å rusla att, - og bar kofferten imillom oss.

Det var natt, ei fin ljös sommarnatt. Vipa og andre fuglar song i myr og hei. Hauglandsåi susa og song, og frå havet dyna det av tungalda som rulla mot strandi. Gardane sov. Og stilla rådde yver sus og song. Det tok oss visst like mykje. Me stansa og studde oss attåt eit veg-gjerde. Med ein gong sette me i og song, båe på ein gong: "Her er det land som hugar meg best", - alle versi song me. Og me vart gåande ute til soli spratt.

Hognestad skule i Time fekk til sitt 100 års jubileum ei illustrert utgåve av Jon Line sitt dikt "Mi gamle Å", laga av Herborg Kverneland. Her ser me seks av dei sju versa i diktet. Perlemuslingen på side 72 er også frå Herborg Kverneland sitt kunstverk. Foto: Søren Sviland.

## Theodor Dahl (1886-1947)

Thodor Dahl er sjølvje jærdiktaren. Han har kan henda ikkje skrive å mykje om Hå-ånå, men i alle bøkene sine han har skrive om folket og naturen på ein måte som gjer at jærbuen aldri har gløymt han. Her er ein stubb frå Norsk Turistforenings Årbok 1932:

Jæren eier ikke slott, ikke herregårder. Men vidda er oversådd med jevne hus hvor der lever et viljesterkt folk som år om annet vinner store seire i seig strid med steinfull lynghei og vass-våt myr. Et folk som kjenner det som sitt kall å bøye rygg og strekke sener for å få nye åkrer til å bugne, nye enger til å grønskes.

Et folk i truen strid, som aldri gir opp. Et folk som kjenner arbeidets hellighet. De lar sola følge seg til arbeidet om morgenen – og stjernene ledsager dem heim om kvelden – etter endte sterke dagsgjerninger.

Det er tro i jærbuen sitt sind, der er von i livssynet hans. Der er vilje til seier i ånden hans. Det er som han følger et evangelie-budskap når all livskraften settes inn på å dyrke jorda. Og skape grøde. Som han har trang til å vitne for landet sitt alter: Der dæ i fjor va steid'n å lyng, står i år sommar-stas av kodn, gras å bloma.

Jærbuer lever og strir i den bærende drømmen at Jæren engang skal bli et Kanan. At den mange mil store sletta overalt skal bære grøde. All lufta skal tone av åkerens gule høstsanger og engene bølge som grønt-glinsende sjøer.

En grødens slette der landert vårt kan ha et kornkammer å hente mat fra.

Jærbuen trenger ikke lenger "pina kodn or auren og



von av sine draumar". Denne Garborg-setningen har sjølve livet sletta ut.

Å vandre på Jæren en stjernekveld er som å gå i en eventyr-verden. Hele vida og havet omsvøpt av stjerner. Landet ligge i et ljosedimm av stjerne-lys. Det er nesten som en ikke sanser jorda. For himmelen står med sølvperle-vegger alle steder ned til siste har-garen og langt, langt i aust over berg-leitene. Det er som en går mot himmelen alle steder. Omringet av kveldens lys-brennende kuppel. Og stjernene svarer hverande ustanselig med hemmelige blink på de veldige himmelavstander.

(utdrag)

### Torvald Tu (1893-1955)

*Torvald Tu er også ein jærdiktar og gledesspreiar frå tretti- og førtitalet. Litteraturen hans lever i beste velgåande. Me tar med eit lite dikt frå samlinga "Frå hei og hól" 1933.*

#### Myra

Her er kveldvart, vent og vake,  
- etter dagen still og varm,  
og det ligg ei florutt hyma over hei.  
Blomar drøymer blidt i blåne.  
– På ein svartbratt myrveggkarm  
står det silkestrå og skin på langan lei. –  
Og myrfivel-dubbar kvite ved den våte veitegrav  
står og tirar i det gode stille vér,  
der det svartbrun-blanke vatnet  
speglar mangt og mykje av,  
sjølve himlen rundar skåla ned i der!

Her ein hest som går og beiter på ein liten tuvestad,  
tett i myra der dei myrke grover ligg.

Der ein flokk av resne sauer ved ei tjørn med  
liljeblad, -  
og små sév som reiser stenglar, pigg i pigg.  
Eg er au på røk i heia, - og eg elskar dette syn, -  
kvart bilete gjev ei gleda til mi sjel; -  
og den siste kveldsol-leiving ligg og biv i leitebryn  
med sin siste veike eld av fargespel.

Dagen var så full av strålar, kvelden er så full av fred,  
sjølv i lydane du høyrer er det ro. –

Høyr ein spove sit og fløytar  
på ein lynghol tett attved  
her som myra ligg og drøymer inn på mo. –  
Og i spovelåten plystrar det så hjarteleg og godt, -  
med ein sumarfagnad spelande og lett, -  
medan kvelden berre hyllar seg i endå meir av blått, -  
heilt til notta ligg der sovande og mett ---

### Einar Lea (1933)

*Einar Lea har vore ein trufast støttespelar og skribent i Nærbo-revyen frå starten av, denne visa song dei i 1968. Elles har han skrive epistlar og anna i dagspressa.*

#### Laksevise

Hvis kåna og dreng konne hal'atte moen,  
og masa litt mindre om ditt og om datt!  
Dei skjynna kje det at eg he ikkje stoen  
te ta meg av gardsdrift og sauvore klatt.

Når prisen på laksen e' nimmare atten  
og eplå står avleides onna i vatten,  
sko Hinmaen sjøl driva gard!

I år va de biringt med høyver og terre  
så høyet mitt he eg kje enna i hus.  
Og roene vart ikkje tynde, dessverre,  
men i dunkjen min der e' det heldigvis sus!  
Og eg e' nå glæ for regn og væda  
for det må me ha hvis me ska ut å ræga,  
og høyet det henge jo godt!

Ja, nå he me gjee med gadn i ånå,  
men lokkå hu va ikkje med oss i nått.  
Me ræg ifrå Haugland te Kaffiholsbrunå  
men ikkje ein einaste laks he me fått.  
Dei så gjekk før oss dei tok nok det mesta,  
han Johan og eg, ja me fekk bara resta,  
Ei halvdaue svidda va alt!

Me pleie å ha med ei lerka på lommen  
te halda vekk hoste og flonsa og gikt.  
Om nåttå så tek me ein pust neri bakkjen  
og drøse om valgjet, om kvinnfolk og slikt.  
Og flaskå u' går då frå neve te neve,  
og då fyssta e' det me trur ar me leve!  
Og itte på fiska me laks!

Eg går kje med stong og med flua og prega  
for sportsfiskar he eg kjem bidlon te ver.  
Det ligaste fiskje det e' å få ræga

og vera ein Håelvas glad musketer.  
Før likte eg best å få liggja hjå kånå,  
men nå tæg eg helle ei nått nermed ånå!  
- For nå kjæme laks føre alt!

### Kjell Hadland (1934)

*Fotlandsfossen er ei vise som Kjell Hadland skreiv i 1991, og sette melodi til. Visa har vore populær på Jæren og Rita Fotland, dotter til Hadlands sykjenbarn, har songe den i mange ulike samanhengar.*

#### Fotlandsfossen

Der Fotlandsfossen bruser i den stille natt  
Og månen står og lyser i mellom berg og kratt  
Og fossekallen synger sin egen melodi  
Der Fotlandfossen bruser en kveld ved jonsoktid

Ved fossen står ei mølle, den er stille nå  
Den tiden er forsvunnet, det er jo berre så  
Men møllens mange minne dukker ofte frem  
De skal vi aldri glemme, de tar vi med oss hjem

Men elven den skal leve, og fossen likeså  
Og når våren kommer, er den lik som nå  
Og solen den seg senker i havet langt der vest  
Hør Fotlandsfossen bruser, den spille opp til fest.

Når sumaren er over, og høsten den er her  
Og regnet ned det flommer så fossen den blir svær  
Sjå Fotlandsfossen bruser, og for et vakker sted.





Foto: Gunnar Opstad

Ved Fotlandsfossens klipper vi satt der mang en gang  
Og nynnet med i valsens til fossens ville sang.  
Der er det godt å være, bare for oss to.  
Der Fotlandsfossen bruser, der får vi fred og ro.

### **Tobias Skretting (1936)**

*Tobias Skretting er dikteren frå ånå. Han har stubbar og minningar om ånå i alle bøkene han har skrivne. Eg har plukka fram litt av det store materialet som ligg føre. Frå debutboka hans, "Ljose dagar" i 1994, siterer me to dikt:*

#### **Vårvis**

Vindar ifrå sol og hav smyg mellom stråa ved ei å  
der ein bonde drøymmer dagen bort høgt oppe i det blå  
medan buskapen finn metta si i grøn og saftig hå.  
Syng ei vise om vår kjærleik til Jæren!

Kom og legg deg ved mi side når du vel er vorten mann.  
Her er plass nok til oss begge, og me er av same ætt.  
Me skal dela våre draumar. Her er livet ljost og lett.  
Drøym ei vise full av kjærleik til Jæren!

Vonde tungar har fortalt at du har gløymt at du var kalv.  
Tenk, eg trur om det er sanning, må den læra vera halv  
og at du frå livsens morgon har din eigen, lette alv  
med ei vise om sin kjærleik til Jæren.

Minnast du din eigen kalv eingong her ut på mjuke eng  
der ei å rann ut i havet og ei tarebru var seng?  
Eg kan sjå det i ditt auga kor det skjelver i ein streng  
til eit minne om din kjærleik til Jæren.

Vindar blæs og vindar stilnar. Sol og måne går sin gang.  
Dei tok kalven din ifrå deg, sette deg i bås og band.  
Om di bringe blæs han endå, vinden på den låge strand  
og syng visa om sin kjærleik til Jæren.

Me har drøymt så mang ein sommar her ved åa eg og  
du.

Ho vart vår, ei ung, ei å. Her utved havet me fekk bu.  
Haust og vinter, vår og sommar, og ein bonde og ei ku,  
og ei vise full av kjærleik til Jæren.

Nå er mange vintrar farne. Nakken luter mot ei grav.  
Men når våren kjem her ute, dansar hugen imot hav  
der ei kveldsol mjukt stryk over alle nedtyngjande krav  
og syng visa om min kjærleik til Jæren.

#### **Sommarkveld synnanom løa**

Eg he sett meg sørføre løå itte kvardagsmaset  
mens det stilna av mot kveld og doggå legge seg på  
graset.

Øve slittene langs ånå breide dalaskoddå teppe  
og på eplestykkje ligge tjelden rugande på reir.  
Det er ennå tidleg sommar, om ei vega he me slått,  
og eg sete her og kjenne kolles alt er såre godt.

Me vart mest drukna i reggen og væta,  
men så kom våren med solvarme kjæta  
og me fekk arbeidet gjort som me ville  
og sådde koddan og gras i varme mold.  
Og eg sete her og drøyme om ei jenta som eg he møtt  
mens eg nynna nokre strofe og er ikkje det bitten trøtt.



Før i tidå var det gildt te gå og knega nedi ånå  
ljose nette itte laks med regegadn, eg og kånå.  
Gjedna rykkja litt i snøret viss u vart for lengje stidle  
for te kvigr'in litegranna mens me venta spent på fisk.  
Men nå er det slutt på reging, avindsjugå vart for sterk  
ifrå Timebuane og allslags fritidsfiskarherk.  
Di gamle rettan' er ingen ting vær'e,  
det nytta inkje te gjera seg sære,  
men eg som minnast di flaummørke netten'  
tenkje med gleda tebage av og te.  
Og eg sete her og drøyme om ei jenta som eg he møtt  
mens eg nynna nokre strofe og er ikkje det bitten trøtt.

Og eg plystra bort te tjelden: Signa strevet!

Takk og æra!

Det er gildt med vår og fuglasjau.

Velkommen skal du vera!

Tenk, eg drøymde alt om hausten,

te du samla heila slektå

vagla oppå steingarden i lange, vemodstunge rad.

Men fyrst skal me ha ei travel, lange ljose sommartid,

og med mange gilde kveldar itte dagens jabne strid.

I badnalærdommen haur'eg det gluba

at Edens hage var stengd av kjeruba.

Men slik en sommarkveld synnanom løå

er Jærens Paradis godt nok for meg.

Og eg sete her og drøyme om ei jenta som eg he møtt

mens eg nynna nokre strofe og er ikkje det bitten trøtt.

*I samlinga med småstubbar frå 1995, Mellom frendar,  
finn me dette diktet:*

### Storfisk

Han dreiv fiske.

Sumde under vatn

og tok fisken med renneløkke

fasta til armen.

Det gjekk godt

så lenge

han heldt seg til

svidde og smålaks.

Den siste fisken

han la snara på

var ein kraftig

holaks.

Slikt gjer ein berre

ein gong

i djuphølen.

### Tor Obrestad (1938)

*Her er eit utdrag frå eit dikt frå debutsamlinga  
Kollisjon, 1966:*

Eg ser eit barn gå fast i garn

Ikkje fisk. Ikkje amfibium

Skapt som ål og orm

Lampretten:

Kan bli ein meter lang og armtjukk

(det kjem an på vertskapet)

Munnen er ei sugeskål

Den kan ankre på ei skuteside

på ein ku-legg på ein laks

iallfall om han sit i garn

Det er bare å vente

på registreringskontora

i skyttargravene

Inni skåla syg ei tunge sett med tenner

ut og inn i rasping

er eit stempel i sylinder

er ein buss til Grorud

Denne skapning har kje bein

men brus

På denne tid av livet

får ein barn. Eg bur i blokk

I elvane våre

i striper etter sølvfiskar

kjem han opphissa buktande

kvislande frå ni auger

På solne dagar ligg han still i sevet

i vass-skorpa på grunt vatn og ventar

*Og her eit utdrag frå novella "Dagny" i novelle-  
samlinga "Sjå Jæren, gamle Jæren", 1982:*

Det hadde vel nesten vorte sommar same året då vi  
dreiv nedpå jordet til Tarald P nedved åa. Slik ein mild  
dag etter langvarig regn. Marka våt og sleip, vi hadde  
slaska nedetter markavegen med konfirmasjons-  
syklane. Det var for blautt på bakken til å spela fotball,

og vi gnikka, knuffa og klengde oss på kvarandre, ei  
røys på jakt utan noko å jakte etter. Markavegen enda  
ved åa. Det bruka vera slik ei vennleg og stillsleg å, ho  
rann gjennom marker og enger, siv voks det ved breidda,  
ender budde der og bekkasinar, laks kunne der gå når  
det var flaum, aure vart der fiska. Ei doven å gjennom  
eit flatt landskap nesten framme ved havet, ho bukta  
seg i evjer og svingar mot fjøresteinane. Nå hadde ho  
vakse seg mørk og stor, den kraftige straumen drog  
med ei makt som var uhyggeleg bare å sjå på. Ho hadde  
stige heilt opp til den ovste breidda og låg på nivå med  
enga. Bare ein liten rygg på tre-fire plogvelters høgd  
skilde vatnet og markene. Lengst nede var graset dekka  
av floar. Vi vart ståande og kikka på straumen, vi kasta  
gras og jordklumpar nedi og såg med ein gys kor dei  
vart borte i kvervlar og dukka opp mange meter lenger  
ned. Det var som vatnet var stint av dragsug og ville  
dra oss ned.

Det må ha vore Ståle som fann på at vi skulle sykle  
med bann gass ned markavegen og sjå kven som torde  
å kjøre nærmast åa før bremsene vart sette på. Ingen  
andre ville finne på slik kalvaskap. Ståle laga reglar på  
staden og sa at det ikkje var lov til å bremsa før vegen  
slutta og kjelva byrja, og vi skulle få ta ein prøverunde  
kvar. Slik, sa Ståle, og rasa bortetter med sykkelen,  
hogg bremsene i og sklei med faretrugande fart mot  
vatnet med ei svart, sleip moldstripe etter seg i graset.  
Det var bare å følgja på. Dei fleste av oss fann bremsene  
så snart som grusvegen slutta og helst litt før. Vi stogga  
fleire meter frå det sugande, svarte elvevatnet. Ståle og  
Konrad merkte seg ut. Dei venta så lenge med

nedbremsinga at framhjulet på sykkelen nådde nesten fram til plogveggen der engas stogga. Dei svarte stripene etter sykklane deira byrja om lag på same staden. Vi andre ga oss, vi meinte vi var utslegne. Ståle var den tøffaste. Han suste nedover att og venta så lenge med å bremsa opp at han måtte ta ein sving for ikkje å styre framhjulet opp på grasvollen mellom vatnet og tørt land.

Den greier du ikkje, småen! ropte han bakover mot Konrad som stod klar. Men det var dagen då Konrad kunne greie kva som helst. Han trødde nedover som ein galning, trødde dereg hadde begynt å bremsa, trødde der han og Ståle hadde bremsa opp runden før, styrde mot elva som ville han kjøre lukt ut i vatnet og eg hugsar det rann gjennom meg at han Konrad kan då ikkje sømja! og det gnissa i tennene mine då han sette bremsene på, langt framfor merka etter Ståle, det var bare tre fire meter fram til åa, og han stod på pedalen og slengde styret til sida slik at sykkelen tok ein flott motorsykkelskrens, hjula slo mot plogveggen med ein slik fart at Konrad som hadde lagt tyngda inn mot land vart vippt opp på sykkelen att og balanserte nokre milelange og yhyggelege sekund med den tunge, mørke flaumen på den eine sida og den våte bakken på andre. Som ein katt fekk han vridd seg over styret og ned på bakken, og sykkelen tippa over og ned mot vatnet. Vi andre stod stive og heldt pusten, bare Ståle var nærverande nok til å styrte etter sykkelen, fekk ei hand på bakhjulet før han vart borte i djupet, og heiste han opp.

Konrad reiste seg, sa ingenting, tørka surpe frå knea

med ei tynn, brunskiten hand, tok sykkelen som Ståle hadde slengt på marka, kikka på oss, kikka på kameraten på ein måte som sa – dette er det ingen som gjer meg etter. Men Ståle var ikkje den som let seg slå.

Ja, dette skulle ho Dagny ha sett, flirde han.

Reaksjonen var så spontan og så uvanleg at vi skjønna ingenting. Konrad sleppte sykkelen beint ned, sprang bort til Ståle, greip han i kofta med begge nevane og hylte –

Du held kjeften! Du seier ingenting! For viss du seier noko drep eg deg.

Han var kvit. Og Ståle fann seg i deg, han la ikkje hand på guten! Tvert om.

Slapp av, Konrad. Eg seier ikkje noko.

Dei stod like overfor kvarandre og drog inn luft som to dyr. Så løyste det seg opp, vi fann sykklane og trekte oss seint oppover. Konrad var frykteleg trekt, han var kvit om tinningane og skalv, håret hadde tvinna seg i ei røys med sveitte småkrøller. Einkvan sa konstaterande og anerkjennande at det der torer du ikkje å gjera igjen, Konrad.

Meir skulle det ikkje til, og han spytta gjennom samanbitne tenner at det torde han, han var ikkje den som brydde seg, og han snudde sykkelen, heiv seg på setet – og kom ikkje lenger. Ståle hadde gripe tak i bagasjebrettet. Han løfta sykkelen opp bak slik at den andre trødde i friluft.

Du kan ikkje sømja, sa Ståle seint. Og når du ramlar i åa verte det så grævlegt mas for okke å fiska deg opp.

Det var som han visste noko som vi ikkje visste og kunne snakka til han på eit språk vi ikkje hadde lært

## Helge Torvund (1951)

*Helge Torvund, fødd på Nærbø, har skrivne mykje om Jæren og om ånå. Men helst er det Ognå-ånå han skriv om. Men når han diktar om vatnet, spelar nok Hå-ånå med i nokre av dei indre bileta hans. Her er eit dikt frå diktsamlinga "I vatn, i lys" frå 1988.*

Å vatn!

Å vatn

brunnvatn

drikkevatt

badevatn

dusj!

Kvitvaska

skjorter

Reinvaska sår

Å vatn

å regn

å hav!

Stille

kulp

sirlebekk

svampar og

sjøanemonar

Vatnet sitt hjarta

bølgjande puls

elvestryk

foss

ei åre ei å

Kan vatnet

sitt hjarta

slutta

å slå